



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8114 Dep  
0032 OSLO

Landbruks- og matdep.	
2008/523	12
Mottatt: 05 NOV 2008	
Saksnr.: ASY/SKOG/HVA	Arkiv: 483.2
	Aversj:

## HØYRING AV ENDRINGAR I FORSKRIFT OM SETER OG TILLEGGSJORD M.M. I STATSALLMENNING FRÅSEGN FRÅ RIKSANTIKVAREN

Vi syner til brev av 06.06.2008 om endringar i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsalmenning.

### Generelt

Riksantikvaren (RA) slutter seg i utgangspunktet til intensjonen om å gi større rom for næringsutvikling i statsalmenningane, ut frå ein tanke om at bevaring av setermiljøa best skjer gjennom bruk, og at kulturarven kan være ein ressurs for lokal verdiskaping og næringsutvikling. Vi vil likevel sterkt understreke at bruksendringar må skje på premissane til kulturmiljøa, slik at den unike kulturarven i seterområda blir tatt vare på. I stor grad handlar næringsutvikling i seterområda om småskala turisme. Vi vil som før understreke at denne næringa er basert nettopp på kombinasjonen av natur og kulturhistoriske verdiar - knytta til bygningsmiljø, gamle stier og vegfar, beite- og slåttelandskap, samt anna kulturarv som mattradisjonar og lokale forteljingar. Overutnytting av landskap og miljø vil skade kulturarven og dermed òg grunnlaget for slik næring.

Etter revisjonane av seterforskrifta i 2000, vart det ein del stader stilt krav til at Statskog/fjellstyret skal leggje saker om tiltak som kan påvirke kulturminne, fram for regional kulturminneforvaltning til uttale. RA er tilfredse med at ein ved endringsutkastet i 2008 har tatt inn dette kravet enda fleire stader i forskrifta og at framlegg vi spilte inn før den førre forskriftsendringa i 2007, er tatt omsyn til denne gongen. Det er svært viktig at kulturminneforvaltninga kan følgje utviklinga i seterområda tett.

Åpninga for nybygg og ombygging i samband med småskala turisme (som skjedde allereie ved førre revisjon i 2007) vil føre til framlegg om nye tiltak som stiller store krav til god vurderingsevne og særleg til bygningskompetanse hos fjellstyra. Ein bør sikre at slik kompetanse vert bygd opp i alle seterregionane. Fjellstyra bør - gjennom den kontakt forskrifta legg opp til - bruke regional kulturminneforvaltning aktivt som rådgjevarar. Det er viktig at ikkje praktiseringa av den nye seterforskrifta fører til ikkje-reversibel nedbygging og forringing av eksisterande setermiljø, for eksempel

Postadresse:

Besøksadresser:

A:7589

Riksantikvaren  
Dronningens gate 13  
Postboks 8196 Dep  
0034 Oslo  
Tlf. 22 94 04 00

Distriktskontor Øst  
Oslo  
Dronningens gate 13

Distriktskontor Syd  
Lansberg  
Nedre Langgate 30 D

Distriktskontor Vest  
Bergen  
Dreggsallmenningen 3

Distriktskontor Nord  
Trondheim  
Kjøpmannsgata 25

der eit turismeføretak vert så kommersielt vellukka at stadig nye utbyggingsbehov melder seg.

Så vidt RA kjenner til, er det først og fremst i Oppland kulturminnestyresmaktene får slike saker til fråsegn i dag. Vi vil be om at LMD presiserer denne høyringsplikta i samband med at ny seterforskrift vert gjort kjent.

### **Kommentarar til utkast til rundskriv og forskrifter**

Det er bra at ein i siste avsnitt i bakgrunnskapitlet til rundskrivet omtalar dei kulturhistoriske verdiane knytta til seter og seterdrift. Men det er trong for eit tillegg etter første setninga. Vi minner om at regional kulturminneforvaltning skal inn i saker som vedkjem deira ansvarsområde. Vi gjer framlegg om følgjande tillegg: *Setermiljø og seterlandskap representerer ein særskild viktig del av Noregs kulturarv. Det vert derfor i forskrifta ei rekkje stader stilt krav om at endringar som kan påverke bygningar og bygningsmiljø skal leggast fram for regional kulturminnestyresmakt (fylkeskommunene og Sametinget der det er aktuelt) til fråsegn. Det same gjeld ved arealendringar som utlysning av ny seter og tilleggsjord. Dette gjeld generelt – uavhengig av vernestatus. Når det på seterområdet finst automatisk freda kulturminne eller kulturminne som er freda ved vedtak, gjeld dessutan kulturminneloven for disse freda kulturminna.*

Vidare må det vere avsnitt før dei to siste setningane, som f.o.f. omtalar naturverdiar og naturforvaltninga hos fylkesmannen.

#### **§ 6 (vilkår for utvising av seter)**

I det første strekpunktet under departementet sine merkander står "Den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjonar". Dette kan ein gjerne utdjupe, t.d.: *"...når det gjeld næring, landskapsbruk, byggeskikk og omsyn til eksisterande natur- og kulturmiljø."*

#### **§ 7 (søknad og saksgang ved utvisning av seter)**

I departementet sine merknader står det at Statskog og regional kulturminnestyresmakt skal få høve til å uttale seg og deretter at fjellstyret skal leggje søknaden fram for Statskog. Siste setning kan ein vel stryke?

#### **§ 10 (om søknad om å setje opp hus)**

Fjellstyret skal innhente fråsegn frå kulturminnestyresmaktene både ved endring og utviding av eksisterande bygningar og når dei vil kreve bygningar fjerna. Vi må også understreke at nye bygningar på ei tradisjonell seter vil kunne ha stor verknad på det samla kulturmiljøet, avhengig av storleik, utforming og plassering. Framlegg til ny siste setning i føresegna: *"Det same gjeld ved nybygg, endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påvirke eksisterande kulturmiljø"*. (jf. også § 15 der nybygg er inkludert).

#### **§ 11 (om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje fallen i det fri)**

I merknadene står det at "forholdet til kulturminnelova gjeld tilsvarande" – dette er upresist, poenget i føresegna er at regional kulturminnestyresmakt skal få høve til å gi fråsegn, uavhengig av kulturminnelova. Kulturminnelova gjeld her bare for freda kulturminne. Vi foreslår setninga endra til *"Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarande, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt."*

### **§ 25 (oppføring av nye hus og anlegg)**

Ifølgje denne føresegna kan fjellstyret gi rett til areal til gjødselkum og tomt til felles driftsbygning. Vidare kan Statskog gi løyve til utnytting av andre ressursar enn beite og tilleggsjord og kan tillate oppføring av nødvendige hus og anlegg. Det høver dårleg med andre delar av forskrifta at dette er tiltak som ein kan gjennomføre utan at regional kulturminnestyresmakt vert gitt høve til fråsegn. Ein talar her om omfattande nye anlegg som kan få store verknader for landskap og kulturmiljø.

RA ber om at regional kulturminnestyresmakt også får slike tiltak til fråsegn, der tiltaket påverkar eksisterande kulturmiljø.

I merknadene omtaler departementet òg vasskraft, og seier at føresetnaden for å få utnytte vassfall til produksjon av elektrisk kraft må vere at utnyttinga ikkje er til skade eller ulempe for andre med bruksrett. Vidare må Statskog gi løyve, i tillegg til alle nødvendige løyver og godkjenningar. Vi gjer framlegg om at ein i tillegg strekar under at etablering av eit småskala vasskraftanlegg ikkje må gå på kostnad av verdier i natur- og kulturmiljøet og landskapet.

### **§ 31 (innhenting av fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt)**

Her vil vi gjere framlegg om ei anna formulering. I dei fleste tilfelle er ikkje seterhus eller andre kulturminne på setrene freda etter kulturminnelova. Mange seterbygningar og andre kulturminne som steingardar, geilar, setervegar o.s.b. og heilskaplege kulturmiljø og landskap har likevel store kulturhistoriske verdier. Seterområda i Norge er viktige òg i eit internasjonalt perspektiv, sidan få andre land har denne type kulturmiljø og landskap i behald. Det er derfor viktig at den generelle forvaltninga av seterområda skjer på ein måte som sikrar ei brei ivaretaking av dei kulturhistoriske verdiane, uavhengig av fredningsstatus. Dette er grunnen til at regionale kulturminnestyresmakter skal få høve til fråsegn.

Framlegg til ny tekst:

### **§ 31. (innhenting av fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt)**

*Ved handsaming av saker etter denne forskrifta som gjeld tiltak som kan føre til endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap jf. § 7, § 8, § 10, § 12, § 15, § 16, § 17, § 19, § 24, §25 skal regional kulturminnestyresmakt få høve til å gi fråsegn i saka.*

*Når det finst freda kulturminne på setra, må kulturminnestyresmaktene alltid høyrast i samband med tiltak, jf lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner §§ 25 og 28.*

### **Departementet sine merknader til § 31**

*Landbrukstyresmaktene har sektoransvar for dei kulturhistoriske verdiane i setermiljøa i statsalmenningane – mellom anna seterhus, arkeologiske kulturminne og landskapsverdier.*

*Setermiljø omfattar som regel kulturminne som ikkje er freda ved særskilte vedtak. Samarbeidet med kulturminnestyresmaktene er viktig for å førebyggje skader på viktige kulturhistoriske verdier. Endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap kan vere nye hus og anlegg, ombygging og riving av eksisterande bygningar, utvisning av ny seter og tilleggsjord.*

*Automatisk freda kulturminne omfattar alle kulturminne frå før 1537, erklærte ståande bygg frå perioden 1537-1649 og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Kulturminnelova av 9. juni 1978 §§ 3 og 4 gir nærare reglar for automatisk freda kulturminne. Kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda, kan fredast ved særskilt vedtak i medhald av kulturminnelova.*

Beste helsing



Jostein Løvdal (e.f.)  
seksjonssjef



Ragnhild Hoel

Kopi til:

Miljøverndepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO  
Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim